

Vegard Døsland med konsert i prosten Dahl sitt rike

30.09.2014



Vegard Døssland ved steinen som er reist til minne om prost Niels Griis Dahl i Eivindvik.

**I helga var Vegard Døsland solist på konsert framført av Hordaland Ungdomsbrassband (HUBB) på Gulatinget i Gulen kommune.
Plassen heiter Eivindvik og vart i år 2000 kåra til tusenårsstaden for Sogn og Fjordane. Seinare kom det på plass eit minnesmerke.**

For dei som kjenner saga, er Eivindvik plassen der Niels Griis Dahl frå Nedre Fet i Uskedalen budde i 45 år og var ein aktiv prost, ordførar, stortingsmann og folkeopplysar.

Dahl kjem frå det som i dag er Kapteinsgarden, fødd i 1778, son til oberstløytnant Johan Koren Dahl og Else Alstrup. Han er ein av 12 sysken og er bror til Christian Lerche Dahl, ordførar i Kvinnherad i to periodar.

Prosten Dahl arbeidde i alle år for ein betre allmugeskule og folkeopplysning, for helsestell og eit betre jordbruk. Henrik Wergeland skreiv dikt til han.

Vegard var i helga solist på to konsertar i Gulen. Laurdag kveld spela han konsert i Eivindvik kyrkje saman med Hordalands Ungdomsbrassband. Etter denne konserten var det avduking av 'Henrik Wergeland si tavle for menneskerettar'. Ei historisk hending.

Søndag var det utekonsert på tingstaden Gulatinget. Espen Selvik som har brei musikkbakgrunn frå både inn- og utland var dirigent på begge konsertane som hadde godt publikumsoppmøte.

Selvik er no prosjektleiar for tusenårstaden Gulatinget.

Vi skal ved eit seinare høve skriva ein meir utførleg artikkel om Niels Griis Dahl i Uskedalsposten.



Vegard er solist under konserten på Gulatinget. Her framfører han det vakre og spenstige stykket Children of Sanchez.
Tekst: Kristian Olav Bringedal
Nett og foto: Thor Inge Døsland.